

# Del 2

## Ågotnes barnehage Årstema 2019-2020



Visjonen til barnehagen er «Leikende, glade barn og natur hand i hand». Dei seinere åra har vi hatt fokusområde på språk og sosialkompetanse og i år ønsker vi å og knytte årstema saman med bærekraftig utvikling.

Årstema i år kaller vi for:

### **Ta vare på naturen - kva kan Ågotnes barnehage gjere?**

Fagområder som vi vil jobbe ekstra med i år:

Natur, miljø og teknologi

Nærmiljø og samfunn

Etikk, religion og filosofi

Ramme planen for barnehager tar fram bærekraftig utvikling som eit område som alle skal arbeide med.

*«Barna skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfatter natur, økonomi og sosiale forhold og er en forutsetning for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor en viktig oppgave i å fremme verdier, holdninger og praksis for et bærekraftig samfunn»*

«Bærekraftig utvikling handler om at mennesker som lever i dag, får dekke sine grunnleggende behov uten å ødelegge fremtidige generasjoners mulighet til å dekke sine. Det handler om å tenke og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handlinger har konsekvenser for fremtiden.»

I årsplanen vår er bærekraftig utvikling eit av dei fem områda i vår pedagogiske plattform og verdigrunnlaget til barnehagen og seier: *«Barnehagen er omgitt av natur. Vi har skogen både innafor og utafor gjerdet. Barnehagen skal overføre haldningar om å ta vare på naturen for kommande generasjonar, respektere naturen og dyrelivet. Vi er opptekne av å kjelde sortere og kvar avdeling har eigne kjeldesorteringsbøtter slik at barna tidlig kan sjå kva type boss som skal sorterast til gjenvinning. Når vi er ute i skog eller på tur langs veien, tek vi alltid med oss bosset vårt tilbake. Vi har ekstra posar i sekken for å plukke med oss boss slik at det ikkje blir liggjande og er til skade for dyr og vegetasjon.*

Når vi har jobbet med «berekraftig utvikling» som tema i personalgruppen og på foreldremøte, er det fem område som går igjen og det er følgjande:


- Bli glad i naturen
- Redusere plast bruk
- Matsvinn
- Kjeldesortering
- Gjenbruk

## Å bli glad i naturen

Barn liker å være ute i naturen. Dette ser vi spesielt på leikeplassen vår. Det å klatre i trær, leike med jord, leire og vatn, gå på oppdagingsferd, studere insekter og bu under busker og klatre på stein føre trekk barna ofte framfor leike apparater. Å komme ut i skogen utanfor barnehagegjerdet er populært blant både barn og voksne. Å bli glad i naturen og dyr som bor der er eit viktig område å jobbe med slik at det er plass til alle.

Mål:

- Undre oss med barna
- Studere insekter, fugler og dyreliv i Ågotnes skogen.
- Leike i naturen på en god måte for naturen og livet der
- Finne ut kva som skjer i naturen gjennom året



## Redusere plastbruk

I dei seinere åra har det blitt mykje fokus på overdreven bruk av plast og kva det har gjort med dyrelivet og naturen vår. I samfunnet er det satt fokus på at det må bli ei endring av bruk av plast. I barnehagen er det og blitt brukt mykje plast og dette er eit område som vi vil sjå nærare på. Spørsmål vi vil stille oss:

Kva kan vi i barnehagen gjere? ‘

Kva kan vi i samarbeid med heimen gjere?

Kva kan barna gjere?

Mål:

- Redusere plastposebruk til skittent tøy
- Redusere plastbruk ved oppbevaring av mat



## Matsvinn

Vi ser dagleg at vi kaster ein del rester, klarer ikkje å bruke maten før den går ut på dato eller blir for opptatt av dato. Vi et ikkje opp den maten vi får på tallerken og mykje mat blir returnert igjen i matboksen. Dette er noko vi ønskjer å gjere noko med.

Målet er å redusere matsvinn gjennom:

- Kaste mindre mat
- Ta litt om gangen og ete opp
- Bruke opp rester
- Et vi det vi har i matboksen?



## Kjeldesortering

Vi har kjeldesorterings bokser på avdelingene, fellesrom og personalavdeling. Korleis skal vi få barna med på dette?

Mål:

- Lære barna å kjelde sortere
- Bruke sorteringsmerke
- Finne ut kva som skjer med det vi sorterer



Restavfall



Matavfall



Papp, papir  
og drikke-  
kartong



Plast-  
emballasje

## Gjenbruk- ta vare på det vi har

I samfunnet i dag kaster vi mykje sjølv om det kunne ha blitt reparert, brukt til noko anna eller gitt bort, det er lett å tenkje at vi kan kjøpe nytt. Her har vi ei viktig oppgåve å lære barn å ta vare på det vi har rundt oss, t.d må barna lære å ta vare på leiker og bøker. I leik og forming er gjenbruk og bruk av naturmateriale av stor verdi.

Mål:

- Alle avdelinger skal lage noko med gjenbruksmateriell til utstilling på fellesrommet.
- Lære og vise barn å ta vare på det vi har- og korleis kan vi bruke det på ein annen måte eller reparere.
- Julegaver i gjenbruksmateriale
- Arrangere byttedagar t.d klær, leiker og utstyr som andre kan få glede av..



Kvar avdeling lagar sine tankekart/planer utifrå måla.

## **Fellessamlingar**

Vi har fellessamling ein fredag i månaden. Samlingane skal innehalde song, musikk, bevegelse, drama. Målet er at avdelingane skal få vise kvarandre kva dei er opptekne av, og synleggjere si avdeling. Nokre gonger er det dei vaksne som viser noko, andre gonger er det barna. Barna får med det ei god øving å opptre framfor mange, noko som dei har nytte av seinare.

## Dinobarna

Dinoskule kvar tysdag og onsdag formiddag kl 10-1130, for dei eldste barna i barnehagen

Der har vi fokus på å lære og øve oss på å:

- Bli kjende med og setje ord på kjensler hjå seg sjølv og andre
- Problemløysing
- Sinnemeistring /sjølvkontroll.
- Lytte
- Vente på tur
- Dele
- Hjelpe andre
- Samarbeide
- Gje kvarandre komplimentar
- Bruke dino -reglane ( lytte, følgje med, hender og føter for seg sjølv, innestemme, stille hand)

Dette gjer vi gjennom:

- At dinobarna frå Sønnavind, Nordavind og Vestavind samlast på avdeling Vestavind til felles samling. Deretter deler vi oss i mindre grupper.
- Bruk av store "snakkande" handdokker som støtter opp under tema (kapittel)
- Samtale omkring filmsnutter
- Song
- Rollespel
- Leikar
- At temaene er synlig på avdelingene gjennom plakatar
- At vi bruker metodane i det daglige t.d. problemløysing og avslappingstermometer.
- Avslutning med foreldre der vi viser det vi har lært og jobba med gjennom året

Felles turdag kvar torsdag. Ofte går vi til det same skogsområdet i skogen. Der leiker dei, har ulike aktivitetar og et lunsj. Enten har vi med smørelunsj eller vi lager mat ute. Dette er ein fin måte og bli betre kjend med dei andre dinobarna på tvers av avdelingane.

Andre aktivitetar i året:

- Musikkopplegg nokre fredager i november i samarbeid med Ågotnes skule i regi av kulturskulen. Instruktøren heiter Hannah Jensen og er med i Fargespill. Ho har bakgrunn fra Uganda og vil lære barna afrikanske sanger og dans
- Brannvernopplegg med besøk på brannstasjonen på Ågotnes (jan /feb 2020)
- Kyrkjebesøk før jul og påskevandring i Landro kyrkje
- Førstehjelp med opplegg om Henrik frå Røde kors (våren 2020)
- Avslutning der vi er i barnehagen om kvelden frå 18-20 (mai/juni)

## Vurdering

Vi vil vurdere måla som vi har satt i forhold til fokusområdet : Berekraftig utvikling – ta vare på naturen. Kva kan vi gjere i barnehagen?

Klarer vi å gjera ei endring ?

Klarer vi å få barna, tilsette og foreldre med på ei endring?

Dette vil vi gjera gjennom:

- Personalet evaluerer og deler erfaringar på ulike møte.
- På planleggingsdager i januar og juni 2020 har vi felles oppsummering og evaluering av fokusområdet.
- Gjennom året vil vi ha samtalar med barna, praksisforteljing og observasjon av barna med ei oppsummering i mai 2020
- Spørjeskjema til foreldre i mai 2020 og punkt på foreldresamtalar våren 2020, Korleis har foreldra opplevd fokusområdet vårt?

Utifrå tidlegare brukarundersøkingar, vil vi ha ekstra fokus på:

- Foreldre medverknad
- Gruppe dialog på foreldre møte
- Komme med innspel til fokusområdet vårt.